

11. august 2011

---

Skytetid: \_\_\_\_\_

Frammøtetid for registrering er 15 minutt før.

## **Finale i Sparebanken Sogn og Fjordane-cupen i baneskyting 2011**

Du har kvalifisert deg til finalen i Sparebanken Sogn og Fjordane-cupen. Finalen vert arrangert på **Florø Skytterlag si bane 3. september**, med elektroniske skiver på både 100m og 200m.

**VIKTIG!!!! ALLE SOM ER KVALIFISERT OG VERT INVITERT TIL Å SKYTE FINALEN, MÅ MELDE SEG PÅ SNARAST VIA SMS: 48217971, ELLER E-POST: [oerjar@online.no](mailto:oerjar@online.no) INNAN 25. AUGUST 2011. Oppgi navn og klasse. Alle påmeldingar vert bekrefta av underteikna.**

**DEI SOM IKKJE HAR MELDT SEG PÅ INNAN DENNE DATO, VERT STROKNE OG RESERVAR VERT KALLA INN.**

Det vert høve til å kjøpe mat på bana.

Dette programmet er sett opp for finalen: (Sjå tidsplan på baksida)

### **100m**

Vinnaren vert kåra etter vanleg mesterskapsprogram 35 skot. Ved lik poengsum rangerer ein etter innertiar-regelen. Står skyttarane framleis likt, skyt ein om at siste serien (ny omgang) og rangerer etter innertiar-regelen.

### **200m**

Finalen er delt i to skytingar som vert skotne samanhengande utan pause mellom.

Første delen vert vanleg 25-skot for alle klassar. Klasse 1 skyt berre første del av finalen. Er skyttarar i klasse 1 like, vert dei rangert etter innertiar-regelen.

I andre del skyt alle først 5 prøveskot (3+1+1) (på elektroniske skiver fritt antal prøveskot på 3 min.). Klasse 3-5 skyt deretter 5 skot kne og 5 enkeltskot ståande, medan klasse 2 og V55 skyt 5 skot liggjande og 5 enkeltskot kneståande. Skytetid for alle er 2 min. pr serie og 1 min. pr enkeltskot.

Resultata frå 25-skoten vert tekne med til andre del av finalen (10 skot) slik at i alt 35 skot vert teljande.

Ved lik poengsum i klasse 2, 3-5 og V55 likt etter avsluttande skyting, vert det omskyting i enkeltskot ståande (kneståande for V55) til skilnaden er minst to poeng. Skyttarane går ut etter kvart som dei kjem to eller fleire poeng bak leiaren.

# Sparebanken Sogn og Fjordane-cupen 2011 – finaleskyting

Laurdag 3. september 2011.

200m			100m		
Kl	Lag		Kl	Lag	
10:40	1	3 stk. klasse 1 og 7 stk. klasse 2	10:15	1	8 stk klasse V73
11:40	2	10 stk. klasse 3	11:15	2	8 stk. klasse V65
12:40	3	10 stk. klasse 4	12:15	3	8 stk. klasse R
13:40	4	10 stk. klasse 5	13:15	4	8 stk. klasse ER
14:40	5	10 stk. klasse V55	14:15	5	8 stk. klasse J

Ev. omskyting etter kvart lag

Premiering etter kvart som klassane er ferdige å skyte

Det vert delt ut:

- Stort glassfat til vinnar i kvar klasse etter inneleiande skyting og pokalar og pengepremiar i finalen i cupen
- Bestemannpremie i kl. 3-5 frå Sparebanken Sogn og Fjordane

Sjå elles <http://hillestad.skytterlag.no/> for meir informasjon om cupen.

For Sparebanken Sogn og Fjordane-cupen

Ørjar Eiken